

www.voss.kyrkja.no

Nr 2 | 2021 | 80. årg

# KYRKJENYTT

## for Vossabygdene



### Kvifor har me påskeegg og påskekrim?

Les meir om både påskekyllingar og påskehare på **side 6 og 7.**

### Påskekonkurranse

Delta på påskekonkurransen vår og vinn noko godt! **Sjå side 15.**

### Konfirmasjonsdatoar

Dei fleste konfirmasjonane er flytta til etter sommaren. Sjå meir på **side 4.**

DÅP,  
KONFIRMASJON,  
BRYLLUP,  
MERKEDAGER OG  
SMÅ OG STORE  
SELSKAP

T: 56 52 05 00

Asta, Fredrik,  
Signe og Marie  
Fleischer

Kilde: Vossbygdene

#### DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemmne, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

## MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER



56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

#### Om Kyrkjenytt:

Kyrkjenytt vert utgjeve av Voss Kyrkjelege Fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit Anne Marie Haugen, Heidi Hisdal, Gunn Horvei, Randi Kløve (red), Einar Melve og Margunn Mørkve.

Grafisk produksjon: Randi Kløve  
Trykkeri: Molvik Grafisk AS

Opplag 7300 eksemplar

Kyrkjenytt for Vossabygdene vert give ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss Herad.

#### Kyrkjecontoret på Voss:

Grunna korona-pandemien held Kyrkjecontoret for tida stengd for besøkande. Me er likevel tilgjengelege både på telefon og e-post. Telefonen er open alle kvardagar mellom 09:00 og 15:00. Me håper å kunne halde kontoret ope att snart!

Har du behov for å snakke med nokon, ta kontakt!

Besøksadresse: Uttrågata 5

Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss.

Telefontid måndag-fredag 9-15.

Telefon 56 52 38 80.

[www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no)

E-post: [post.voss@kyrkja.no](mailto:post.voss@kyrkja.no)

Kontonr: 3480.16.45293



#### Voss kyrkjelege fellesråd:

**Kyrkjeverje** Svein Tøsse

tlf 959 79 905. E-post: [st545@kyrkja.no](mailto:st545@kyrkja.no)

**Kontorleiar** Vibeke Lemme

tlf 922 45 274. E-post: [vl454@kyrkja.no](mailto:vl454@kyrkja.no)

**Kateket** Rønnaug Eng Skjeldal

tlf 952 62 025. E-post: [rs625@kyrkja.no](mailto:rs625@kyrkja.no)

**Trusopplæringsmedarbeiar** Åshild Bøe Kharazmi

tlf 952 98 681. E-post: [ak649@kyrkja.no](mailto:ak649@kyrkja.no)

**Kyrkjelydspedagog** Camilla M Velsvik

tlf 995 18 194. E-post: [cs222@kyrkja.no](mailto:cs222@kyrkja.no)

**Diakon** Sigrid Djukastein Mala

tlf 478 49 134. E-post: [sm435@kyrkja.no](mailto:sm435@kyrkja.no)

**Ungdomsprest** Vetle Leksbø

tlf 947 98 477. E-post: [vl555@kyrkja.no](mailto:vl555@kyrkja.no)

**Kantor** Astrid Gjestvang

tlf 958 56 414. E-post: [ag678@kyrkja.no](mailto:ag678@kyrkja.no)

**Organist** Frode Vik

tlf 952 62 084. E-post: [fv586@kyrkja.no](mailto:fv586@kyrkja.no)

**Organist** Ellen Marie Selland Geithung

tlf 980 64 594. E-post: [eg395@kyrkja.no](mailto:eg395@kyrkja.no)

**Kyrkjetenar på Bolstad** Anny Forthun

tlf 481 36 520

**Kyrkjetenar på Evanger** Orlaug Styve

tlf 901 12 538

**Kyrkjetenar på Voss** Thomas Velsvik

tlf 414 75 383

**Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje** Kjell Kr. Øyre

tlf 91 54 19 75

**Gravar** Vidar Bryn

tlf 996 00 940

**Oppsynsmann for kyrkjegardane** Hege Ukvitne

tlf 918 74 201

**Redaktør i Kyrkjenytt** Randi Kløve

tlf 952 06 177. E-post: [rk858@kyrkja.no](mailto:rk858@kyrkja.no)

**Kontormedarbeidarar** Idunn Holen, Lene Brunborg og Randi Kløve

#### Prestetenesta:

**Prost i Hardanger og Voss** Arild Hellesøy

tlf 906 99 533. E-post: [ah539@kyrkja.no](mailto:ah539@kyrkja.no)

**Sokneprest i Voss** Anders Hove

tlf 414 68 493. E-post: [ah657@kyrkja.no](mailto:ah657@kyrkja.no)

**Sokneprest i Ulvik og Granvin** Magnar Haaland

tlf 415 46 366. E-post: [mh977@kyrkja.no](mailto:mh977@kyrkja.no)

**Sokneprest i Vinje, Oppheim og Raundalen** Cato Torsvik

tlf 974 23 459. E-post: [rt682@kyrkja.no](mailto:rt682@kyrkja.no)

**Sokneprest i Evanger og Bolstad** Frode Kvamsøe

tlf 901 96 514. E-post: [fk796@kyrkja.no](mailto:fk796@kyrkja.no)

**Prostiprest** Arnulf Sandvik

tlf 416 75 653. E-post: [as794@kyrkja.no](mailto:as794@kyrkja.no)

no

**Prestevikar** Bengt Arvidsson

tlf 90 25 81 61

#### Soknerådsleiarar:

**Evanger**: Nora Mykkeltvedt, tlf 952 79 970

**Voss**: Bjørg Helland, tlf 938 56 326

**Oppheim**: Monica Gudrun Hansen, tlf 957 58 204

**Vinje**: Ståle Hirth, tlf 950 81 902

**Raundalen**: Johnny Lemme, tlf 401 82 912

**Granvin**: Sigvor Melve Schrey, tlf 911 32 608

#### Bilete:

Framsida: fotograf Aaron Burden, Unsplash.com.

S. 3 - Wolfgang Hasselmann, Unsplash.com

Påskekyllingar frå Vecteezy.com

**Neste nummer kjem i veke 20. Frist for melding om stoff er torsdag 22. april.**

# «Sei ja til Jesus!»

Andakt av Bengt Arvidsson

Ein seier ofte at noko er «byrjinga på slutten», men eg vil gjerne snu på det. Påska er slutten på byrjinga! For menneska som hadde fylgt Jesus og stolt på han, såg det ut som at hans død skulle bli slutten. No var han jo krossfesta, død og gravlagd. Normalt skulle jo det vore slutten?

Peter og dei andre læresveinane låste seg inn, redde for å bli fengsla og drepne.

Andre var nok glade for at alt var over no. Den opprørske mannen, han som stilte så vanskelege spørsmål, han som hevda at han var jødane sin konge... No var han vekke, roa kunne igjen senke seg over Jerusalem! Bra!

Jesus hadde prøvd å fortelje om kva som skulle hende med han, særleg at det ikkje skulle ende med hans død, men ingen hadde forstått kva han meinte. Dette låg langt over kva menneskjer kan forstå. Tre gonger hadde han sagt: Menneskesonen skal lide, bli forkasta av øvstepresten, verte drepen og stå opp att etter tre dagar. Dette hadde han sagt heilt ope, skriv Markus.

I dei ulike evangelia er forteljinga litt ulik, noko som gjer det meir truverdig. Ulike vitner ser ulike ting og legg vekt på ulike ting. Men felles for dei alle er: Jesus er ikkje død, han er oppstaden! Og der er byrjinga på noko heilt nytt. Jesus sin død såg ut som slutten, men oppstoda vart i staden byrjinga.

Samstundes kan me seie at Jesu død er byrjinga til det evige liv, han gjekk føre og rydda veg til noko som aldri vil ta slutt.

Eg vil seie at dette er det største som nokon gong har skjedd: Det guddommelege blir menneskeleg, ein

død mann står opp att og blir igjen guddommeleg og dette gjer han for oss menneskjer. For di og mi skuld, for at me skal få del av eit evig liv, og få ein personleg relasjon med Jesus. For at me skal få eit liv med mening, med moglegheiter og med tilgang til alt Jesus vil gi oss. Det er berre ein ting me treng å gjere, og det er å sei JA til Jesus!

Paulus seier i Romarbrevet 10:

*“For vedkjenner du med munnen din at Jesus er Herre, og trur du i hjartet ditt at Gud reiste han opp frå dei døde, då skal du bli frelst.”*

At Jesus lever i dag betyr mykje; han gjev oss trua på framtida, kjærleik, nærliek og omsorg. Det er nokon som ber for meg, eg er aldri aleine, han gir oss glede, fridom, kraft og styrke!

I påska blir dødens makt overvunne. Guds kraft er verksam, og sterkare der den får bu og verke. Me får ta den imot og bruke den

Avslutningsvis med ord frå Martin Lønnebo (svensk biskop):

«Må påskens stora væsignelse tilfalla oss, så som ljuset i mørkrets hjærtा, så kom den uppstigande solen, så som livets triumf øver døden, Kristus er sannerligen uppstående frå de døde, må hans kraft uppfylla oss.»

Herrens velsigning og ei riktig God Påske til dykk alle!

# KONFIRMASJONSDATOAR 2021

Dei aller fleste konfirmasjonane i Voss herad er utsett til hausten. Den usikre situasjonen rundt smittevern i koronapandemien gjer at me finn det tryggast å gjere denne endringa i år også. Slik situasjonen er no kan me samle inntil 100 menneske på innandørsarrangement. Men med regelen om ein meter mellom deltakarar som ikkje bur i lag, er ikkje nokon av kyrkjene våre store nok til at så mange kan samlast. Om me skal syngja i lag må me halde to meter avstand i alle retningar. Då vert det plass til enda færre menneske. Private selskap kan heller ikkje vere fleire enn 10 menneske slik det er no.

Det kan hende me må dele konfirmantane i mindre grupper og ha fleire konfirmasjonsgudsgudstenester. Det veit me meir om når det nærmar seg konfirmasjon.

Konfirmasjonsdatoane i dei ulike kyrkjene vert:

## Evanger kyrkje

Helgetorsdag, 13. mai kl. 11:00.

## Vangskyrkja

Laurdag 28. og sundag 29. august, og sundag 5. september.

Kl. 10:00 og 12:00 alle tre dagane, om me ikkje må dele opp meir.

## Granvin kyrkje

Samtalegudsteneste fredag 10. september kl. 18:00

Konfirmasjonsgudsteneste sundag 26. september kl. 11:00

## Raundalen kyrkje

Laurdag 4. september kl. 11:00

## Oppheim kyrkje

Laurdag 11. september kl. 11:00.



## Etterlysing av bilete frå Raundalen og Raundalskyrkja

Reidar Reime jobbar i desse dagar med ei bok om Raundalskyrkja i samband med årets 100-års jubileum. Til boka ynskjer han seg biletstoff frå Raundalskyrkja, men også generelt frå Raundalen.

Bidrag kan sendast til Reidar Reime, Gjertud Hegg Reime, Tormod Skiple eller Astrid Skiple.

Ynskjer biletstoff frå Raundalskyrkja og Raundalen generelt. Kan sendast til Reidar Reime, Gjertrud Hegg Reime, Tormod Skiple eller Astrid Skiple.



## Lysglobe til Bolstadøyri bedehus

Me er veldig glade for at me har fått lysglobe i Bolstadøyri bedehus. Den er allerede tatt i bruk, og alle synes den er fin.

Lysgloben har vore tema på mange møter, og det vart einigkeit om denne med 24 ljos. Den er 155 cm høg og 76 cm i diameter. Lysgloben er spesiallaga i smijern til oss, med kristogram på stamma.

Den er betalt i eit samarbeid mellom:  
Bolstadøyri bedehusforening, Bolstadøyri Kvinneforening og  
Bolstadøyri Kvinne- og familielag.

Voss Kyrkjelege fellesråd v/ Svein Tøsse hjalp oss med bestillinga.

Tekst og biletet: Anny Forthun



Til MAMMA,  
dikta av Eivind Yndestad

Mamma var det første  
ordet jeg sa,  
helt siden jeg var liten,  
du åpnet mitt hjerte hver  
gang jeg sa, det navn  
som aldri blir sliten,

en dag kom du til meg  
og sa,  
at du var veldig sliten,  
da så jeg at du var  
klar for å dra,  
da følte jeg meg så liten,

og ørene gråt jeg alene  
på jord,  
og viste at min mamma  
var borte,  
hun var reist til himmelens  
port,  
å kommer aldri tilbake,

så jeg skrev et navn  
i snøen en gang,  
der sto det et navn  
jeg kjente,  
der sto det navne jeg  
har aller kjært. der sto  
det navne mamma,

sørg ikke over livet  
ditt mamma,  
for vær dag var du en  
heltinne,  
det synes vertfall jeg at  
du var, og att du gjorde  
så godt du kunne,

du vant ikke alltid over  
dagens mål, men du vant hver dag  
å være mamma,  
så hør meg nå, du som  
alltid var her, nå kan jeg  
ikke lenger si MAMMA.



# PÅSKE

Ordet «påske» kjem frå det hebraiske Pesach. Dette er namnet på ein jødisk fest. Denne har sin bakgrunn i utvandringa frå Egypt. Pesach betyr bokstaveleg «gå forbi». Det norske kjem av det norrøne ordet páskar.



## påskelilje

Påskelilje er ein blome som blømer i april-mai, altså rundt påsketider. Derav namnet. Brukast ofte på altaret påskedag, som eit teikn på oppstoda. Naturen i seg sjølv er også eit symbol på oppstoda då den kjem ut av vinterens dvale, står opp og blomar ved påsketider.

## påskelam


Påskelammet kjem frå den jødiske påskefeiringa. Dette var dyret jødane i Egypt skulle slakte og ete rett før flukta, og blodet skulle dei smøre på dørkarmene så dødsengelen gjekk forbi. Dette vart ein viktig del av Pesach-feiringa, som handlar om utfarten frå Egypt. I kristen tru er det Jesus som er dette offerlammet. Jamfør nattverda der vi syng det som heiter Agnus Dei på Latin, og på norsk «Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.»



## påskeharen


Den moderne skikken med påskehare som legg ut egg kjem frå Tyskland, men tok først av etter 1850.

Haren er også eit symbol på det fruktbare morslivet. Og når den fødde mange ungar på våren, saman med at fuglane la egg, vart det symbol på liv som tek til att om våren – oppstandelse.



## påskeegg

Påskeegg har lang tilknyting til påska. Anten som egg ein et, eller som er måla. Påskeeggget er eit symbol på nyt liv og på det fruktbare. Det har vore knytt til Maria, Jesu mor, og har ofte vore brukt på biler av ho, som symbol på jomfrufødsel.



Den meir praktiske forklaringa på korleis påskeegg er knytt til påska er at påska er på våren då hønene byrjar å legge fleire egg. Slik er dei eit symbol på det nye livet som påskefeiringa handlar om.

## påskekrim

Påskekrim er eit særnorsk fenomen. Tradisjonen føres ofte attende til spenningsromanen *Bergenstoget* plyndret inat, skrive av Jonathan Jerv (eit pseudonym for Nordahl Grieg og Nils Lie) utgitt i 1923. Handlinga er lagt til første påskedag, som også i boka er 1.april, og går føre seg på påskefjellet ved Haugastøl. Altså ikkje langt frå oss.



## Kvifor vaska dei føtene?

Dei sat nok ikkje rundt bord og åt måltidene sine slik me gjer. Men dei låg kanskje langt låge bord, anten på puter eller benkar. Difor var føtene nære både maten og dei andre. Det vanlege fottøyet for mange var nok sandalar, og mange hadde kanskje ikkje fottøy, og vegane var anten steinlagt eller av grus, så det var mykje støv. Difor var ofte føtene skitne. Dei vaska nok også hendene våre, som me gjer, men det var også veldig viktig å vaske føtene.



## påskekylling

Som med påskeegg er dette eit symbol på nyt liv, og er eit påskesymbol av same grunn som påskeegg er.

# Nytt kjøkken i Evanger kyrkje

Evanger kyrkje har fått nytt kjøkken. Det er laga av Styve møbelsnekkeri v/Jørn Styve, og vart teke i bruk i september 2020. Soknerådet starta med denne jobben i januar i fjar. Evanger kyrkje har tidlegare arva ein del pengar som skulle brukast til å ruste opp kyrkja. Ein del av denne gåva er no brukt på nytt kjøkken.

Soknerådet ville gjerne at kjøkkenet skulle produserast lokalt på Evanger, og Styve møbelsnekkeri tok jobben. Kjøkkenet er laga i heiltre og tilpassa lokalet. Det er vakkert og tidlaust og vil tene kyrkja i mange år!

Tekst og bilete: Gunn Horvei



## Gjevarteneste i Voss sokn

Voss sokn ønskjer å starte med gjevarteneste. I neste nummer av Kyrkjenytt kjem det meir informasjon.

Gjevarteneste går ut på at ein betalar inn ein fast sum pr månad til kyrkjelyden sitt arbeid. Me treng støtte til å drive det gode og viktige arbeidet vårt. Me skal legge opp til at de som ønskjer å gje kan gje til eit bestemt føremål som t.d. vårt arbeid for born og unge. Her er alle bidrag like viktige for vårt arbeid. Ingen bidrag er for små, for saman kan me gje eit stort bidrag!

Gjevarteneste kan ein få skattefrådrag for. Det ordnar me med, dersom det er ønskjeleg.

# Alt har sin ende



Rundt Granvin kyrkje har det siste tida vore gjort arbeid med å kutte greiner som hang ut over vegen.

Statens vegvesen påpeika at greiner tok bort i større kjøretøy i svingen ved kyrkja.

Dette har no vorte starten på ei større opprusting, der me skal stelle og fornye ein del av trea rundt kyrkja.

Trepleiarar har vore på synfaring, og me ser for oss eit arbeid med beskjæring og stell av dei fleste trea, og felling av nokre få.

Når me no har bestemt oss for å felle nokre av trea, så er det av di dei gjer skade på kyrkjegardsmuren, og har kome til enden av det naturlege livslaupet. Me har sett på storleiken på greinene, og funne ut at kuttflatene ved beskjæring er så store at trea vil ta skade av arbeidet. Difor må me fjerne dei aktuelle trea.

Trea skal i stor grad verte erstatta av nye, slik at me får behalde skjerminga av gravplassen så godt det let seg gjere.

Tekst: kyrkjeverje Svein Tøsse. Bilete: Randi Kløve.



Kyrkja på Voss er på  
Instagram. Følg oss!!



**Skann meg!**

Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).

## Seniortreff i Vonheim.

Vårprogrammet ligg og ventar på at me kan opne opp for å møtast att. Men grunna corona pandemien som enno er over oss og resten av verda må me diverre sette seniortreffa på vent. Me veit at behovet er stort for å kunne møtast og oppleve kulturelle ting saman, og gler oss til at me skal kunna opna dørene og sjå kvarandre over ein god kopp kaffi. Så lenge må me prøve hjelpe kvarandre å halde motet oppe! Bruk telefonen og inviter ein god ven innom eller med ut å sjå våren kome!

Lysing i Hordaland vil koma når det er trygt att å møtast att til seniortreff.

Ynskjer du ein prat er du velkommen til å ta kontakt med diakon Sigrid Djukastein  
Mala. 47849134





## Etiopia med korona og borgarkrig

Av Britt Hernes/Misjonsnemnda

Skulen i Mus'a Sheware ved Bambasi er open att etter å ha vore stengt i fleire månader. Lærar Mohamed Abdu er glad for at borna er attende på skulen. Det var stille i skulegarden i desse månane og skulemøblane var fulle av støv.

I denne tida, då borna var heime, vart nokre sendt langt avgarde for å gjeta dyreflokkane til andre menneske. Borna vart bruk til å tena pengar til familien sin. Foreldra er glade for at regjeringa har funne eit system som gjer at borna kan koma attende til skulen. Det har også vore jobba hardt i landsbyen for skuleopning.

Lærar Muhamed Abdu har starta opp att å undervisa Mao-borna. Oppgåva framover vert å fylla gapet i pensum og på kva måte dei kan ta att det tapte. Men sjølv om skulen er open, betyr ikkje det at korona er borte. No er det berre lov å vera 25 elevar i kvar klasse for å unngå nærkontakt.

Zebita Gelan sakna skulen og venene sine i denne tida. Ho likar å gå på skulen og vil bli lærar når ho er ferdig med utdanninga.

Kalid Abdulahi er også glad for at skulen er opna att. Han fortel at han kvar dag drøymde om det. No kan han møta venene sine og spela fotball med dei. I tida heime hjelpte han foreldra sine. Også han ynskjer å bli Mao-lærar ein dag.

Me vonar at me i neste "Kyrkjenytt" kan gje ei oppdatering om den politiske situasjonen i Etiopia og i kva grad det rammar Blånilalen der Voss

kyrkjelyd er engasjert. Det me veit, er at krigen i Tigray har herja i over hundre dagar med enorme øydeleggingar og lidingar. Matvaresituasjonen er svært kritisk. Situasjonen liknar på svelktastrofene i 1984, som var politisk skapt og som tok livet av over ein million menneske. Det førde til at Bob Geldof drog i gang dei legendariske Band Aid konsertane for å samla inn pengar til dei sveltramma.

Det skal haldast parlamentsval i juni. Vil valet vera fritt og uavhengig? Vil statsminister Abiy Ahmed klara å halda landet samla og bevara fred med nabolanda?

Me må be om fred i Etiopia.


Voss kyrkjelyd støttar NMS/Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia.



Lærar Muhamed Abdu. Bilete frå NMS.no

## Etterlysing:

Har du ski og skisko str. 37. av nyare dato som ikkje lenger er i bruk? I kyrkjelyden vår er det ei dame som ynskjer seg ski for å kunne være med borna sine på ski. Ta kontakt med diakon Sigrid D. Mala om du kan bidra (tlf 47 84 91 34).



**Detalj frå Granvin kyrkje.**  
Dette måleriet av Paulus ser du på veggen til høgre for altaret. Det vart laga av Lars Osa i samband med 200-års jubileet i 1926.  
Foto: Randi Kløve

## Men kven er eigentleg den nye redaktøren?

Redaksjonen i Kyrkjenytt har utfordra den nye redaktøren til å presentere seg ordentlig. Ein får vel forsøke!

Heisann! Eg heiter Randi og mange av dykk har kanskje treft meg på kyrkjekontoret eller ute i av kyrkjene våre. Etter at eg flytta attende til Voss, har eg dei to siste åra vore så heldig å få vikariere ulike stader i kyrkja vår, hovudsakeleg som kontormedarbeidar på Kyrkjekontoret, men også som kyrkjetenar når det trengs. No får eg også lov til å være redaktør og grafisk designar for Kyrkjenytt! Det er verkeleg kjekt å få oppleve så varierte sider av å jobbe i kyrkja! Eg studerer samstundes grafisk design via nettstudier. Eg er ferdig utdanna til jol, og kjenner meg utruleg heldig som får lov til å jobbe med Kyrkjenytt! Men nok om meg!

Kva med deg? Kva kunne du tenke deg å lese meir om i Kyrkjenytt? Er det nokon du spesielt kunne tenke deg at redaktøren intervjuia, kan hende? Eller har du tema du kunne tenke deg at me skreiv noko om? Kanskje du har eit bidrag å kome med sjølv? Eg er veldig interessert i å høyre frå deg! Send meg gjerne ein e-post ([rk858@kyrkja.no](mailto:rk858@kyrkja.no))! Eg kan ikkje love å oppfylle alle ynskjer, men eg lover å svare alle som skriv til meg!

Takk for at du les Kyrkjenytt! Eg gler meg til reisa vidare saman med dykk!  
Ei riktig god påske til deg og dine!



Namn: Randi Kløve  
Fødd: 1978  
Bur på Palmafossen saman med mine to born Max (12 år) og Augusta (10 år).





Trusopplæringa i Voss

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss. Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året til dei fyller 18 år.

På desse sidene vil de finna informasjon om komande T-dagar, reportasjer frå det som har skjedd, oppgåver og konkurransar.

## T-dagar fram mot påske


Det siste året har me måtte tenke mykje nytt i trusopplæringa. Å samle fleire kohortar eller å reise rundt i dei ulike sokna for å ha trusopplæringstiltak har ikkje vore enkelt. Tiltak har vorte endra på eller avlyst i siste liten, sjølv om me også har klart å gjennomføre mykje innanfor smittevernsreglane. Når alt no har vore så usikkert har me valt å nytte tida til å lage skikkelege opplegg for trusopplæring i heimen. Tårnagentane fekk høve til å hente sin eigen agentpose med blant anna agentoppdrag, skrapekross, agentavis og hemmelege mysterium. Desse skulle løysast og i premiepotten var der eit deilig påskeegg.



Tiåringane har fått Kristuskransen, eit bønearmband med eige aktivitetshefte. Her får tiåringane eit konkret hjelpemiddel for å bruke bøn i kvardagen sin.

Alle sjuåringane som me har på listene våre får i år ei påskehelsing i posten med eiga påskebok med klistermerker. Denne boka hjelper til med å forstå kva som skjedde i påska gjennom lesestund og leik.

Me vonar at me kan vise litt bileter i neste nummer av Kyrkjenytt.



Hei! Eg er den nye maskotten i trusopplæringa i heile Voss. Kanskje har du møtt meg? Eg kjem nok til å dukke opp både her og der, og det er veldig kjekt om du vil helse på. Eg er stort sett snill, men eg kan ikkje snakke. Derimot er eg god på å bevege meg. Kanskje forstår du kva eg meiner sjølv om eg ikkje lagar lyd?

MEN; eg har ikkje fått namn... Dette må alle born vere med å hjelpe meg med. **Kva skal eg heite?** Send gjerne inn forslag til kyrkjelydspedagog Camilla Velsvik på 995 18 194, så set ho nok i gang ein konkurranse når ho har fått mange nok forslag.

Det er kome inn nokre forslag, men me skulle gjerne hatt fleire!

T<sub>1</sub> T<sub>2</sub> T<sub>3</sub> T<sub>4</sub> T<sub>5</sub> T<sub>6</sub> T<sub>7</sub> T<sub>8</sub> T<sub>9</sub> T<sub>10</sub> T<sub>11</sub> T<sub>12</sub> T<sub>13</sub> T<sub>14</sub> T<sub>15</sub> T<sub>16</sub> T<sub>17</sub> T<sub>18</sub>

# Glimt frå Refleks Ten Sing

Me har samla gjengen i Refleks så ofte som mogeleg, og her er nokre glimt frå det siste året i smittevernverda. Ungdomsleiargruppa har vore enormt flinke, fleksible og kreative. Dei har laga opplegg fysisk og digitalt, med og utan kor og grupper, inne og ute. Dei har rydda og rigga, avlyst og improvisert gjennom eit heilt år med restriksjonar. Det har vore grupper og nye leikar, sommartur til Stavanger KFUK-KFUM sin leirstad, Vier. Me har hatt halloweenkveld, og julekortverkstad, juleavslutning med graut og til og med ei lita gudsteneste.



Hausten starta med ei flott gjeng nye konfirmantar og mange kjekke åttandeklassingar. I starten fekk me til og med synga i lag. Det har det vore lite av i vinter. Men no planlegg ungdomane alternativ påskeleir og alternativ konsert. Me satsar på sommartur også i år og gler oss til me igjen kan vera både kor og grupper på vanleg vis.



Ungdomsleiarane fortener verkeleg ein stor applaus for den jobben dei har gjort og framleis gjer! Gjennom heile året har me møttest så ofte me har fått lov. Det trur me er viktig. At det er rekruttert ein ny gjeng gira ungdomar viser at Refleks Ten Sing er liv laga midt i ein pandemi.

(Tekst: Ingrid Tønnessen og Rønnaug Skjeldal)



T<sub>1</sub> T<sub>2</sub> T<sub>3</sub> T<sub>4</sub> T<sub>5</sub> T<sub>6</sub> T<sub>7</sub> T<sub>8</sub> T<sub>9</sub> T<sub>10</sub> T<sub>11</sub> T<sub>12</sub> T<sub>13</sub> T<sub>14</sub> T<sub>15</sub> T<sub>16</sub> T<sub>17</sub> T<sub>18</sub>

# BARNAS SIDE

## Finn vegen til Jesus!

Hjelp Maria, Peter og Johannes å finne vegen til engelen i den tomme grava, og vidare til Jesus! (Teikning: Kari Sortland)



## Finn fem feil

Maria Magdalena sprang og fortalte lærersveinane at Jesus var stått opp frå dei døde. Dei to biletet er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? (Teikning: Kari Sortland)



Gje barnebladet  
**BARNAS** til eit  
barn du er  
glad i!

Desse oppgåvane er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00.



## Vitsar

Klassa hadde  
matteprøve. Ei av  
oppgåvane var slik:  
«Eit hus har 5 etasjar.  
Kvar etasje har 20  
trappetrinn. Kor mange  
trappetrinn må du då gå for  
å kome til toppen?»  
– Enkelt, tenkte Ole, og  
skreiv: «Alle.»

- Korleis er den nye gitaren din?
- Eg måtte kaste han.
- Kvifor det?
- Den hadde jo eit  
stort hol i  
midten!

Kva  
får du dersom du  
kryssar ein kalkulator  
med eit menneske?  
Svar: Ein ven du kan  
rekne med.

T<sub>1</sub> T<sub>2</sub> T<sub>3</sub> T<sub>4</sub> T<sub>5</sub> T<sub>6</sub> T<sub>7</sub> T<sub>8</sub> T<sub>9</sub> T<sub>10</sub> T<sub>11</sub> T<sub>12</sub> T<sub>13</sub> T<sub>14</sub> T<sub>15</sub> T<sub>16</sub> T<sub>17</sub> T<sub>18</sub>

# SuperOnsdag 5. mai

Kyrkja og Voss KFUK/KFUM vil teste ut eit nytt konsept: Superonsdag! Målet er å tilby familiar i alle fasongar eit godt måltid etter jobb, ha aktivitetar for born i alle aldre og styrke foreldre/føresette i foreldrerolla gjennom ei kort og inspirerande undervising. Me vonar at dette arbeidet vil kunne legge til rette for nye relasjoner og bygge bru mellom generasjonar, mellom gudstenester, open barnehage, trusopplæring, og andre fellesskap på Voss.

Fyrste gong blir 5. mai. Til vanleg vil dette finne stad i Vonheim, men me satsar på å kunne gjennomføre arrangementet utandørs denne gongen. Oppleget varer frå kl. 16 (eller når du kan etter jobb) og til kl. 18. Har du spørsmål så kan du kontakte Vetle Leksbø (94793477).

Facebook-event kjem.

## Påskegudsteneste for små og store

På nettsidene våre finn du ei lita gudsteneste om påskedag. Kva var det som skjedde? Kva har ei larve og ein sommarfugl med saka å gjere? Og går det an å hoppe inn i Vangskyrkja når ein er i Prestegardsmoen?



### Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).

## Påskekonkurranse!!

Har du lagt merke til at nokre små påskekyllingar har gøynt seg rundt om i Kyrkjenytt? Kor mange finn du i heile bladet? Du må leite nøye på alle sidene, for nokre av dei prøver å gøyme seg litt. (Ta med dei du finn på denne sida også!)




Når du telt dei, kan du sende redaktøren ein e-post. Kanskje du må få hjelp av ein voksen?

Send ein e-post merka "Påskekonkurranse" til **rk858@kyrkja.no** og hugs å skrive kor mange kyllingar du fann, pluss namn og adresse på den som deltek i konkurransen.



Konkurransen er både for born og voksne! Alle som deltek, er med i trekninga om ein premie som smakar veldig godt! Premien vert trekt mellom alle som svarer (og hvis du har telt feil vert du likevel med i trekninga).

Me trekk ein vinnar tysdag 6. april. Vinnaren får direkte beskjed, og namnet kjem i neste Kyrkjenytt!



# I samtale med Anne Marit Dugstad

## Kva er bra med Voss - og kva kan bli betre?

Eg kjenner meg knytt til Voss. Eg vaks opp her, og kjenner bygda godt. Det er ei tryggheit i det. Eg er takksam for at borna mine fekk veksa opp her. Voss er passeleg stort og har fin natur lett tilgjengeleg.

Eg har erfart at Jesus fins. Han har vore ei hjelp for meg i nauda. Eg skulle ynskt at fleire vossingar kunne fått større forståing for kven Jesus er, og kven han kan vere for dei no i dag.

## Kva er viktige verdiar for deg?

For meg er det viktig at kvart enkelt menneske vert sett og anerkjent som den dei er. Også i jobbsamanheng tenkjer eg ofte på dette. Alle skal ha nokon som bryr seg om dei, nokon som er nær dei og ser dei. Omsorg og miskunn er verdiar eg ber med meg i kvardagen.

Eg er med i Kristen Forening for Helsepersonell-KFH. Det er eit bønenettverk som ber for arbeidsplassen sin. KFH ynskjer å utrusta kristent helsepersonell til å formidle Jesus og dei kristne verdiane på ein god måte. Dette har også vore viktig for meg.

Bibelen er viktig for meg.

## Kva tenkjer du om kyrkja sin plass i samfunnet?

Eg tenkjer at kyrkja er alle



**Fødd:** 1957

**Bustad:** Etter 26 år med postadresse Skulestadmo, flytta eg i desember til leilighet på Opheim.

**Familie:** To vaksne born som bur i Oslo og Trondheim

**Yrke:** Sjukepleiar på Voss sjukhus

**Interesser:** Turar i nærområdet. Den djupe, gode samtalens. Likar å sjå ein god film med gode verdiar, og å gjere det koseleg i heimen.

kristne som ynskjer å tru på Jesus som sin Frelsar, uavhengig av kva kyrkjessamfunn dei tilhører. Det står i Bibelen at me er verdas lys og jordas salt (Matt. 5, 13-16). Lyset lyser opp i mørke og saltet renser og bevarer. Omsorg, rettferd, sanning og tilgjeving, som det står mykje om i Bibelen, er verdiar samfunnet treng.

Kyrkja si oppgåve er å formidla desse verdiane inn i samfunnet.

Bøn er ein enorm ressurs! Me kan be for alt som skjer i samfunnet, det gjev oss ei påverkingskraft. Eg er med i Voss bønehus, og her ber me mellom anna for alt som skjer på Voss. Me ber f.eks. for helsevesenet, for heradsstyret, for næringslivet og kulturlivet.

Kyrkja er ein stad der menneske kan læra Gud og Jesus å kjenna.

## Kva betyr trua for deg?

Trua er sjølve berebjelken i livet mitt. Den gjennomsyrer alt for meg. Trua hjelper meg å ta valg, den syner meg meaninga og hensikta med livet, men også alvoret. Den gjer meg ro. Trua er ikkje ein prestasjon, men eg kan ikkje anna enn å tru når eg har sett kven Gud er. Han er ei hjelp i nauda, han styrkjer meg og er alltid ved sida mi. Han gjer meg ein grunnleggjande tryggleik som hjelper meg gjennom livet.

## Kven vil du utfordra til samtale neste gong?

Eg utfordrar Ågot Lavik .

# Mett med restemat

Slappe gulrøter, pølsesnabbar, osteskalkar og andre gløymde godbitar i kjøleskapet er perfekte råvarer for den aller beste turmaten, seier Mette Nygård Havre, leiar av folkerørsla «Spisoppmaten». Her har du hennar oppskrift på «Matreddegryte». Denne gryta kan du ha med oppvarma på termos, eller varma den opp på primus ute på tur.

Du treng:


- 1,5 liter vatn
- 3 buljongterningar eller anna kraft
- 5-6 poteter (gjerne ferdigkokte)
- 4-5 gulrøter
- ½ kålrot
- ½ sellerirot (eller andre restegrønsaker)
- Restar av kjøt og pølse (svineribbe eller pinnakjøt høver og bra)

Kutt alt i små bitar. Kok opp buljongen, tilset grønsakene og ha i kjøtet til slutt.

## Matsvinn og klima

- Vi kastar i Norge 390 000 tonn mat som kan etast kvart år.
- Det vil seia mat for 22 milliardar kroner.
- På verdsbasis vert 33 % av all mat som vert produsert kasta.
- Mat vert dyrka, foredra og transportert. Dette gjev stort klimagassutslepp.
- Hadde vi unngått all matkasting, ville global oppvarming bremsa kraftig opp, og fleire kunne bli metta.

Opplysningane er henta frå Fjell og vidde nr. 1/2021



 <p><b>VOSS SPAREBANK</b> - skaper verdier for deg og lokalsamfunn <a href="http://www.vossabanken.no">www.vossabanken.no</a> - Tlf. 56 52 03 00</p>	 <p><b>MYRK DALEN</b> <a href="http://myrkdalen.no">myrkdalen.no</a></p>	 <p><b>Vekselbanken</b> - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 - med tilbod til liten og stor</p>
<p>Du finn oss i Sverresplassen 6, 2. etg.</p>  <p><b>MIA gaver</b></p> <p><b>VESTLAND TRAFIKKOPPLÆRING</b></p>	<p><b>Me ordnar alt vedrørande dødsfall</b> Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar</p> <p><b>VIRKE GRAVFERD</b></p>  <p><b>Vinsands</b> GRAVFERDSBYRÅ</p> <p>Telefon 56 51 11 94 – Telefax 56 51 30 67</p>	 <p><b>AZETS</b></p> <p>Azets Insight AS avd. Voss Evangervegen 3, 5704 Voss Autorisert regnskapsførerselskap <a href="http://visma.no/outsourcing">visma.no/outsourcing</a></p>
<p><b>O.L.KYTHE AS</b> <b>entreprenør</b></p> <p>Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60</p>	 <p><b>Voss Energi</b> -rein vossakraft!</p>	<p><b>Pianostemmer Voss</b> På tide å stemme pianoet?</p>  <p><a href="http://pianostemmervoss.no">pianostemmervoss.no</a> Tlf. 99 43 53 36</p>
 <p>- helt i nærheten</p> <p><b>JOKER GRANVIN</b> Hardangervegen 5736 Granvin Tlf. 56 52 54 00</p> <p>Velkommen til en hyggelig handel</p>	 <p><b>KIWI mini pris</b></p> <p>Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35</p>	<p><b>GRAVSTEIN</b> Nye gravmonument, tilføyinger og oppussing – ta kontakt med:</p> <p><b>STEIN &amp; MERKE</b></p> <p>Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099</p>
<p><b>Nordhordland Begravelsesbyrå AS</b></p> <p><b>VIRKE GRAVFERD</b></p> <p>Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå <a href="http://www.nordh-bb.no">www.nordh-bb.no</a></p> <p><b>Stort utvalg i blomster og gravminne!</b></p> <p>KYRKJEVegen 1 5911 Alversund FREKAUG: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70</p> <p><b>Me går saman med deg heile vegen</b></p>	 <p><b>Voss Blomster handel</b> Tlf 56 51 31 96</p>	<p><b>Voss Bokhandel</b></p> <p>Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16</p>
<p>Din røyrleggjar i sentrum</p> <p><b>Snakk med Comfort</b> Helge Nikolaisen A/S</p> <p><b>Installasjon - Service - Vedlikehald</b> Velkommen i butikken! <b>Tlf. 56 51 26 28</b> Vangsgt. 4, 5700 Voss</p> <p><b>BOLIGJENT FOR ANSATSBERETT</b></p>	<p><b>VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS</b></p> <p><i>Vi ordnar alt vedrørande dødsfall. Kransar, oppsatsar og bårebukettar fritt levert til gravferda. Gravmonument.</i></p> <p>Tlf. 56 59 74 70 - Mobil. 911 79 766</p>	 <p><b>vått&amp;vilt</b> Padlekurs på Elv og Hav – Teambuilding</p> <p><a href="http://www.vaattogvilt.no">www.vaattogvilt.no</a> - Tlf 91374995</p>
<p><b>Di annonse her?</b></p> <p>Ta kontakt med Kyrkjenytt!</p>		 <p>Anleggsgartner og trepleiar <b>GUNNAR LILLETHUN</b> Tlf. 901 19 315 - <a href="http://www.lillethun.no">www.lillethun.no</a></p>
 <p>HMV Maskin EIK Senteret Voss</p> <p><b>EIK SENTERET</b></p>	<p>Stolte tradisjonar, ny næring</p>	<p>Regimentsvegen 14 5705 Voss +47 56 52 91 50 <a href="http://hmgruppa.no">hmgruppa.no</a> Verkstad og dellelager</p>

# Kyrkjelege handlingar

## DØYPTE

### Vangskyrkja:

29.11.20 Oskar William Brynjar Nedkvitne  
07.02.21 Ola Opeland Gjøstein  
28.02.21 Fredrik Jordalen  
28.02.21 Brage Fosse-Tveit

### Oppheim:

31.01.21 Aleksander Grindeland Remme

### Granvin:

21.02.21 Thage Holven Midtun

### Vinje:

24.01.21 Thea Hirth Sæbø

### Evanger:

15.11.20 Andrea Mathisen  
15.11.20 Even Lindstad Istad

## DØDE

### Voss sokn:

23.01.2021 Anna Kvale f. 1935  
25.01.2021 Ingeborg Fagerbakke f. 1928  
25.01.2021 Hedvig Dalholt Kvarekvål f. 2000  
26.01.2021 Olav Byrkje f. 1934  
29.01.2021 Tore Olav Espeland f. 1946  
02.02.2021 Kjell Bjerregård f. 1935  
07.02.2021 Kjell Martin Vethe f. 1941  
09.02.2021 Bergljot Kvåle f. 1936

11.02.2021 Bjørg Solveig Jordalen f. 1945  
15.02.2021 Cicilia Møen f. 1928  
15.02.2021 Torbjørg Godøe f. 1939  
20.02.2021 Sigurd Mossefin f. 1927  
27.02.2021 Johannes Styve f. 1928

### Evanger sokn:

20.01.2021 Gunnar Ekse f. 1935

## DÅP I DEN NORSKE KYRKJA

### Slik føregår barnedåp hjå oss:

- Foreldre/føresette** melder barnet til dåp, helst via nettsida vår.
- Presten** tek kontakt for å avtale ein samttale, ofte nær dåpsdatoen.
- Dåpssamtalen** er eit uformelt møte der ein vert kjend med kva dåp er og kva kyrkja tilbyr vidare i livet.
- Dåpen.** I dåpen vert barnet Guds barn, medlem av Den norske kyrkja og tatt i mot av kyrkjelyden.
- Dåpsattest** er eit dokument foreldra får som viser at barnet er døypt.



Me ynskjer alle **velkomne til dåp** hjå oss, og me står gjerne til teneste, t.d. kan ein låne dåpskjole hjå oss (sjå bilete). Ta kontakt på tlf 56 52 38 80 eller sjå på nettsida [www.voss.kyrkja.no/dåp](http://www.voss.kyrkja.no/dåp)





# C BLAD

## FULLDISTRIBUSJON

Kyrkjenytt for  
Vossabygdene  
PB 49  
5701 VOSS

## Gudstenesteliste

### Vangskyrkja:

Merk! Det kan kome endringar på oppsett gudstenesteliste!

- 28.03. kl.11.00** Gudsteneste med nattverd, Hove  
**01.04. kl.19.00** Skjærtorsdagsmesse med nattverd, Hellesøy  
**02.04. kl.11.00** Langfredagsgudsteneste, Hellesøy  
**04.04. kl.11.00** Påskedagsgudsteneste med nattverd, Hove  
**05.04. kl.18.00** Kveldsgudsteneste, Hove  
**11.04. kl.11.00** Gudsteneste med nattverd, Årsmøte, Hove  
**18.04. kl.11.00** Gudsteneste, Hove  
**25.04. kl.11.00** Gudsteneste med nattverd, Hellesøy  
**02.05. kl.11.00** Gudsteneste med nattverd, Hove  
**09.05. kl.11.00** Gudsteneste med nattverd, Hove  
**13.05. kl.11.00** Helgetorsdagsmesse med nattverd, Hove

### Hamlagrø:

- 04.04. kl.11.00** Gudsteneste i løypa (Kvanngjelsmyra) om veret tillet det.

### Vinje kyrkje:

- 02.04 kl 20.00** Påsken i ord og tonar, Torsvik og lokale musikarar.  
**11.04 kl 11.00** Gudsteneste, Torsvik.  
**09.05 kl 11.00** Gudsteneste, Torsvik.

### Oppheim kyrkje:

- 04.04 kl 11.00** Høgtidsgudsteneste med nattverd, Torsvik.  
**02.05 kl 11.00** Gudsteneste, Torsvik.  
**28.03 kl 11.00** Gudsteneste, Torsvik.  
**25.04 kl 11.00** Gudsteneste, Torsvik.



### Helgatun

- 01.04 kl 19:30** Gudsteneste med nattverd, Torsvik.

### Raundalen kyrkje:

- 21.03 kl 11.00** Gudsteneste, vikar.  
**08.05 kl 11.00** Gudsteneste, Torsvik.

### Brekkestølen:

- 02.04 kl 12.00** Langfredagsgudsteneste, vikar.

### Mjølfjell kapell:

- 04.04 kl 10.00** Høgtidsgudsteneste, vikar.

### Evanger kyrkje:

- 28.03 kl 11.00** Familiegudsteneste med nattverd, Kvamsøe.  
**11.04 kl 11:00** Gudsteneste med nattverd, Kvamsøe.  
**13.05 kl 11:00** Konfirmasjonsgudsteneste, Kvamsøe.

### Boldstadøyri bedehus:

- 04.04 kl 17.00** Gudsteneste med nattverd, Bø.  
**25.04 kl 11.00** Gudsteneste med nattverd, Kvamsøe.

### Granvin kyrkje:

- 01.04 kl 11.00** Gudsteneste med nattverd, Arvidsson.  
**02.04 kl 20.00** Pasjonsgudsteneste, Arvidsson.  
**05.04 kl 11.00** Gudsteneste med nattverd, Arvidsson.  
**25.04 kl 11.00** Gudsteneste med nattverd, Arvidsson.  
**02.05 kl 11.00** Gudsteneste med nattverd, Haaland.

## Aktivitetskalender

### T-dagar:

**28. mars.** Gudsteneste på Evanger der sjuaåringane er særskilt invitert (del av **T7**). Sjå gudstenestelista.

**10.-11. april** er det planlagt **T9-13** med overnatting i Raundalen kyrkje. Her kjem truleg endring, nærmere beskjed kjem!

**18. april kl. 16:00. T4**, «Utdeling av Bibelen for dei små» for Voss sokn (halve kullet). Sjå gudstenestelista.

**07. mai kl. 14-17. T8/9** «På sporet av Heilag Olav» for Evanger sokn.

**08. mai kl. 10-13. T8/9** «På sporet av Heilag Olav» for Voss og Raundalen sokn.

### Seniortreff i Vonheim:

Avlyst inntil vidare. Sjå meir informasjon på side 9.

### Babysong for Vinje og Oppheim:

Startar opp att torsdag 8. april.

Vær merksam: Det kan kome endringar i alle planlagte aktivitetar grunna korona-pandemien. Føl med i avis og på nettsida vår: **Voss.kyrkja.no**